

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Nordbygda skule  
**Møtedato:** 27.09.2007 **Tid:** 15.00-19.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 19 , inkl. 3 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Frode Bjørnås  
Elin Liøen  
Arne Tverlid  
Sigmund Dyrhovden  
Arne Jørgensen

**I staden møtte:**

Jan Ove Haga  
Ole Totland  
  
Helga Nygård

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef Ramsli og as.adm.sjef Våge. Einingsleiar barnehage Anne Fredriksen under sak 30/07.

6 elevar og 2 lærarar har vore Samnanger kommune sine utsendingar til Sigowet i Kenya. Saman med kulturskulerektor viste dei ein film frå opphaldet, og dei fortalde om nokre av inntrykka sine.

Etter møte var det ei samkome i Stolpane skulehus.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 1. oktober 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjend inkl. tilleggsak om finansiering av barnehage på Gjerde sak 30/07.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteken.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Sture Tveit og Liv Berit Kvernes Befring saman med ordføraren vart valde til å skriva under protokollen.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Jon Magne Bøgevik** etterlyste byggjerekneskap for Solli.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

**Øyvind Røen** er kommunen sin valde utsending til landstinget for Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK). Han orienterte litt om arbeidet til organisasjonen og om landstinget i august 2007. Han informerte m.a. om at dei gjev ut ei kulturavis: Pirus, som både barnehagar og skular bør bruke. LNK jobbar også for prosjektet "BOLYST" som skal mobilisera ungdom til å bu i ditriktet.

Kommunestyret hadde ikkje spørsmål til den utsendte **budsjettkontrollen**.

Ordføraren delte ut eit **politisk rekneskap for kommunestyreperioden 2004-07**. Dette gir ein kort oversikt over kva kommunestyret har fått til i lag i denne perioden.

Ordføraren orienterte om at **valstyret** har gått igjennom og evaluert korleis valet og oppteljinga gjekk føre seg. Dette med tanke på å kvalitetssikra arbeidet. Ordføraren sa seg lei for at ein gjekk for tidleg ut med valresultatet, noko som medførte at feil personar fekk uformell melding om at dei var valde inn i kommunestyret.

PØ og kontrollutvalet har sett av kr 32.000 til eit forprosjekt til **forvaltningskontroll** av sentraladministrasjonen og teknisk.

Ordføraren orienterte om at statens vegvesen har hatt utbetring av **vegen til Kvitingen** ute på anbod. Arbeidet vert starta opp i løpet av kort tid.

Administrasjonssjefen orienterte om arbeidet med å finna eit område for ny framtidig **hamn for Bergensregionen**. Ansvaret for denne saka ligg hjå Hordaland fylkeskommune, og den var til høyring og handsaming sist vår. Bergen bystyre har først handsama den i haust, og her er det kome innspel om at Rolvsvågsområdet kan vera aktuelt. Fylkeskommunen vil no laga eit planprogram, (sannsynlegvis ikkje før etter nyttår), for så å laga ein delplan. Samnanger kommune må vera aktiv i den vidare prosessen.

Interpellasjon frå Brigte Olav Gåsdaal:

**Reint drikkevatt**

*Eg har i samtale med ein innbyggjar på Sagen blitt gjort merksam på at det kanskje ikkje står så bra til med drikkevattnet på Sagen. Sagavatnet er vasskjelda til dei som bur der og for smoltanlegget som ligg der, og vatnet har eit stort nedslagsfelt. Det gjer at det er vanskeleg, ja rett og slett umogleg å ha kontroll med moglege ureiningskjelder. Rett oppom Sagavatnet går fylkesvegen Hisdal - Hauge. Mange turistar køyrer denne vegen, og oppom vatnet er det to stader dei brukar å stoppa. Den eine staden er ei lang "busslomme" og den andre er ei opning i rekkverket som har vore nytta som deponi for jord- og steinmasser. Det er bra at turistane får sjå den vakre bygda vår, men diverre er dei ikkje alle like miljømedvitne. Mange kastar frå seg bosset sitt her; nokre tømmer til og med toalettet i skråninga ned mot vatnet. Ingen av desse plassane er tilrettelagde rasteplassar med bord og bosspenn.*

*Dette fører til to spørsmål til ordføraren:*

- *Vil ordføraren ta initiativ til å få stengt av desse "stoppestadane" og skilta med bosstøming forbode, evt vurderer om det bør etablerast ein rasteplass i området?*
- *Me veit at kommunen byggjer renseanlegg på Rolvsvåg vassverk. Vil ordføraren ta initiativ til å få oppsitjarane på Sagen, Østvik og Hetlevik knytt til kommunen sitt vassverk når renseanlegget er tatt i bruk?*

*Tysse, 22 september 2007*

Ordføraren ga fylgjande svar:

Spm. 1

Kommunen vil ta kontakt med Statens Vegvesen for å drøfta kva som kan gjerast for å hindra bosstøming i området ved Sagavatnet. Skilting, fysisk sperring evt. betre tilrettelegging for dei som rastar i området.

Spm. 2

Oppsitjarar og Sagen settefisk har vore i kontakt med kommunen om korleis dei kan få sikker og god vassforsyning. Dette vart gjort m.a. i tilknytning til søknad frå settefiskanlegg om utviding av produksjonen. Tilbakemeldingane våre har vore at me først skulle byggje ut reinseanlegget i Rolvsvåg slik at eksisterande abonnentar fekk tilfredsstillande og forsvarleg vassforsyning.

Det er fleire stadar i kommunen som har ønske om offentleg vassforsyning. Gjennom arbeid med revidert vassforsyningsplan, vil dei ulike områda vurderast. Kvalitet på eksisterande forsyning, kostnad m.m. må kartleggast for så å inngå i plan for vidare satsing. Område som vil verta vurderte er Ådland (til kyrkja), Eikedalen (vatn og avlaup), Rolvsvåg – Sagen, Reistad (Erikajorda) og Tysse. Det har og vore interesse frå einskilde oppsitjarar andre stadar. Utbygging av vassforsyninga er ofte omfattande og kostnadskrevjande. Etter at tiltaket er gjennomgått, må kostnaden innarbeidast i økonomiplan for kommunen.

Teknisk eining har uformelt drøfta med ein av oppsitjarane på Sagen ei løysing med sjøleidning frå kaien på Rolvsvåg til Sagen. Avtalen var at han skulle ta dette med seg vidare og evt. koma attende til kommunen. Kostnadsfordeling, om leidninga skal vera eit offentleg ansvar m.m. er ikkje drøfta. Så langt har ikkje eininga høyrte noko.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0021/07	01/00597 <b>OMORGANISERING AV BIR, ENDRING AV AKSJONÆRAVTALE OG VEDTEKTER</b>
0022/07	07/00381 <b>KLAGE PÅ VEGNAMN</b>
0023/07	06/00524 <b>FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN. OPPRETTING AV IKS</b>
0024/07	06/00330 <b>BUSTADFELT PÅ REISTAD - KOMMUNALT ENGASJEMENT</b>
0025/07	07/00227 <b>BUDSJETTENDRINGAR 2007</b>
0026/07	07/00038 <b>REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I SAMNANGER</b>
0027/07	07/00366 <b>SANSEHAGE (TERASSE) GNR 26, BNR 30 - FULLFINANSIERING</b>
0028/07	07/00108 <b>BARNE- OG UNGDOMSKOMMUNESTYRET. - NY ORGANISERING H-2007</b>
0029/07	07/00244 <b>SAMNANGER SOM RETTVIS KOMMUNE.</b>
0030/07	07/00212 <b>NY FINANSIERING AV BARNEHAGE PÅ GJERDE</b>

0021/07

## **OMORGANISERING AV BIR, ENDRING AV AKSJONÆRAVTALE OG VEDTEKTER**

### **Framlegg til vedtak::**

Omorganisering av BIR, endring av aksjonæravtale og vedtekter.

Samnanger kommune sluttar seg til uttalen frå Generalforsamlinga i BIR a/s, 20.06.07.

1. Med bakgrunn i Konkurransetilsynet sitt brev til eigarane 10.10.05, og KS Bedrift sine styrerettsreglar og generalforsamlinga i BIR sin uttale, 20.06.07, vil Samnanger kommune anbefala eigarane å endra aksjonæravtalen og vedtektene slik at BIR konsern kan organiserast som det vert foreslått og i samsvar med konkurransetilsynet si påteikning.
2. Når det gjeld aksjonæravtalen vil Samnanger kommune støtta at siste avsnitt i avtalen sitt pkt. 6 går ut.

Samnanger kommune vil be om at saka vert behandla i eigarane sine besluttande organ i god tid før det skal avklarast nyval av representantar til selskapet sine ulike organ.

### **Handsaming i møte:**

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

Omorganisering av BIR, endring av aksjonæravtale og vedtekter.

Samnanger kommune sluttar seg til uttalen frå Generalforsamlinga i BIR a/s, 20.06.07.

3. Med bakgrunn i Konkurransetilsynet sitt brev til eigarane 10.10.05, og KS Bedrift sine styrerettsreglar og generalforsamlinga i BIR sin uttale, 20.06.07, vil Samnanger kommune anbefala eigarane å endra aksjonæravtalen og vedtektene slik at BIR konsern kan organiserast som det vert foreslått og i samsvar med konkurransetilsynet si påteikning.
4. Når det gjeld aksjonæravtalen vil Samnanger kommune støtta at siste avsnitt i avtalen sitt pkt. 6 går ut.

Samnanger kommune vil be om at saka vert behandla i eigarane sine besluttande organ i god tid før det skal avklarast nyval av representantar til selskapet sine ulike organ.

0022/07

## **KLAGE PÅ VEGNAMN**

### **Handsaming i møte:**

**Bright Olav Gåsdal** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Klager på vegnamn veg 57 Sævlavegen og veg 37 Tveitaråsvegen vert tekne til følgje. Vegnamna vert endra i samsvar med ønskje frå klagarane og skal vera Sævellvegen og Tveitaråsvegen.

**Øyvind Røen** sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune godtek ikkje klagen frå grunneigarane på vegnamna Sævlavegen og Tveitaråsvegen. Desse namneformene byggjer på samnangerdialekten – og er i samsvar med namnelova og målbruksplanen til Samnanger.

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarande i røystinga. Det vart røysta punktvis.

Pkt. 1 Sævlavegen. 14 røysta for framlegget frå Gåsdal og 5 for framlegget frå Røen.

Framlegget frå Gåsdal vart då vedteke.

Pkt. 2 Tveitaråsvegen. 13 røysta for framlegget frå Gåsdal og 6 for framlegget til Røen.

Framlegget frå Gåsdal vart då vedteke.

#### **Vedtak:**

Klager på vegnamn veg 57 Sævlavegen og veg 37 Tveitaråsvegen vert tekne til følgje. Vegnamna vert endra i samsvar med ønskje frå klagarane og skal vera Sævellvegen og Tveitaråsvegen.

0023/07

### **FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN. OPPRETTING AV IKS**

#### **Framlegg til vedtak::**

Det vert tilrådd at Samnanger kommune sluttar seg til oppstartinga av eit IKS. Dette grunngjev ein med at ei slik driftsløysing på sikt vil kunne sikre ei berekraftig utvikling innan IKT i Samnanger kommune. Både tenestmessig og økonomisk vil ein vera tent med eit interkommunalt driftsselskap i høve til å drifte sjølv.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med fy lgjande tillegg:

Vedtaket er med atterhald om at dei andre kommunane som har sagt seg interesserte godkjenner avtalen.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune sluttar seg til oppstartinga av eit IKS. Dette grunngjev ein med at ei slik driftsløysing på sikt vil kunne sikra ei berekraftig utvikling innan IKT i Samnanger kommune. Både tenestmessig og økonomisk vil ein vera tent med eit interkommunalt driftsselskap i høve til å drifta sjølv.

Vedtaket er med atterhald om at dei andre kommunane som har sagt seg interesserte godkjenner avtalen.

0024/07

### **BUSTADFELT PÅ REISTAD - KOMMUNALT ENGASJEMENT**

#### **Framlegg til vedtak::**

”Bustadfelt på Reistad – Samnanger kommune tek opp eit lån på 2.5 million kroner med inntil 5 års avdragsfridom avdragsfritt lån til kjøp av gnr. 18 bnr. 5. ”

**Handsaming i møte:**

**Ordføraren** sette fram eit nytt og revidert framlegg:

Til å finansiera grunnkjøp til bustadområde på Reistad, gnr. 18 bnr. 5 vert det teke opp eit lån på kr 2.5 mill. Lånet vert teke opp med inntil 5 års avdragsfriheit.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Til å finansiera grunnkjøp til bustadområde på Reistad, gnr. 18 bnr. 5 vert det teke opp eit lån på kr 2.5 mill. Lånet vert teke opp med inntil 5 års avdragsfriheit.

0025/07

**BUDSJETTENDRINGAR 2007****Framlegg til vedtak::**

Konto nr. 1.3100.2543.7006 øyremerkja tilskot vert auka med	kr	61.000
Konto nr. 1.1602.2342.2500 material til vedlikehald senter funksjonshemma	kr	61.000
Konto nr. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert sett ned med	kr	690.000
Konto nr. 1.9000.8000.8700 skatteinntekt vert auka med	kr	719.000
Konto nr. 1.9000.8400.8000 rammetilskot vert auka med	kr	27.000
Konto nr. 1.1200.1800.4900 tillegsløyving vert redusert med	kr	8.000
Konto nr. 1.1300.3900.4700 overføring til kyrkja vert auka med	kr	14.000
Konto nr. 1.1200.1800.2901 tillegsløyving løn vert auka med	kr	50.000

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Konto nr. 1.3100.2543.7006 øyremerkja tilskot vert auka med	kr	61.000
Konto nr. 1.1602.2342.2500 material til vedlikehald senter funksjonshemma	kr	61.000
Konto nr. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert sett ned med	kr	690.000
Konto nr. 1.9000.8000.8700 skatteinntekt vert auka med	kr	719.000
Konto nr. 1.9000.8400.8000 rammetilskot vert auka med	kr	27.000
Konto nr. 1.1200.1800.4900 tillegsløyving vert redusert med	kr	8.000
Konto nr. 1.1300.3900.4700 overføring til kyrkja vert auka med	kr	14.000
Konto nr. 1.1200.1800.2901 tillegsløyving løn vert auka med	kr	50.000

0026/07

## REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I SAMNANGER

### Framlegg til vedtak:

###Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

### Handsaming i møte:

Etter ein del drøftingar ba **Øyvind Røen** om eit **gruppemøte** slik at gruppeleiarane som hadde arbeidd fram eit nytt reglement kunne samla seg for å trekkja ein del konklusjonar før det vart sett fram eit framlegg til vedtak. Møtet vart heva.

Etter gruppemøte sette arbeidsgruppa v. **Øyvind Røen** fram slikt framlegg til vedtak: Framlegg til reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger vert vedteke med desse endringane:

Pkt. 1: Fristen vert endra til 1. oktober.

Pkt. 3: Møtefrekvens vert endra til 10 årlege møte for kyrkjestyre/soknerådet

Pkt. 6.1: Legitimert vert stroke.

Pkt. 7.1: Første setning skal strykast.

Pkt. 8 vert endra til

Folkevalde som er kommunen sine representantar i ulike styre, råd og utval, og får ytingar direkte frå desse, skal ikkje samstundes ha tilsvarande godtgjersle frå kommunen.

Pkt 9 siste avsnitt vert endra til

Tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter og godtgjersle for barnepass/pass av eldre vert utbetalt ved første lønnskjøring etter at kravet er levert inn.

**Vidar R Rolland** sette fram slikt endringsframlegg:

**4.1** Møtegodtgjersle på **0,15 %** av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer i kommunestyret, personal- og økonomiutvalet, utvalet for oppvekst og omsorg, natututvalet, kontrollutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, overformynderiet og andre styre/råd/utval som vert oppretta av kommunestyret.

Det vart først røysta over endringsframlegget til Rolland. 5 røysta for framlegget og 14 mot. Framlegget vart dermed ikkje vedteke.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegget.

### Vedtak:

Framlegg til reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger vert vedteke med desse endringane:

Pkt. 1: Fristen vert endra til 1. oktober.

Pkt. 3: Frekvens vert endra til 10 årlege møte for kyrkjestyre/soknerådet

Pkt. 6.1: Legitimert vert stroke.

Pkt. 7.1: Første setning skal strykast.

Pkt. 8 vert endra til

Folkevalde som er kommunen sine representantar i ulike styre, råd og utval, og får ytingar direkte frå desse, skal ikkje samstundes ha tilsvarande godtgjersle frå kommunen.

Pkt 9 siste avsnitt vert endra til

Tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter og godtgjersle for barnepass/pass av eldre vert utbetalt ved første lønnskjøring etter at kravet er levert inn.



0027/07

### **SANSEHAGE (TERASSE) GNR 26, BNR 30 - FULLFINANSIERING**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune aksepterer tilbudet frå BlinkHus dagsett 03.09.2007 om bygging av sansehagen ved Samnangerheimen.

Kostnaden vart vesentleg høgare enn rekna med, og med denne måten å gjennomføra prosjektet på er det vanskeleg å få til dugnad slik det vart tenkt i budsjettet. Kommunestyret vil derfor utfordra pårørandeutvalet til å gjennomføra tiltak t.d. "kronerulling" i lokalsamfunnet, som kan skaffa midlar til å få bygd sansehagen. Ein håpar at det kan verta ei deling mellom kommunen med ekstraløyving og pårørandeutvalet med innsamla midlar. Arbeidet vil verta sett i gang snarast, og kommunen vil derfor forskottera desse midlane. Kommunestyret vil og be om at det vert nytta kr 24.000 av gåvemidlane på sjukeheimen til bygging av sansehagen.

Samnanger kommune nyttar kr 100.000 av kapitalfondet til dekking av meirkostnaden. Innsamla midlar vil gå attende til fondet.

#### **Handsaming i møte:**

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune aksepterer tilbudet frå BlinkHus dagsett 03.09.2007 om bygging av sansehagen ved Samnangerheimen.

Kostnaden vart vesentleg høgare enn rekna med, og med denne måten å gjennomføra prosjektet på er det vanskeleg å få til dugnad slik det vart tenkt i budsjettet. Kommunestyret vil derfor utfordra pårørandeutvalet til å gjennomføra tiltak t.d. "kronerulling" i lokalsamfunnet, som kan skaffa midlar til å få bygd sansehagen. Ein håpar at det kan verta ei deling mellom kommunen med ekstraløyving og pårørandeutvalet med innsamla midlar. Arbeidet vil verta sett i gang snarast, og kommunen vil derfor forskottera desse midlane. Kommunestyret vil og be om at det vert nytta kr 24.000 av gåvemidlane på sjukeheimen til bygging av sansehagen.

Samnanger kommune nyttar kr 100.000 av kapitalfondet til dekking av meirkostnaden. Innsamla midlar vil gå attende til fondet.

0028/07

### **BARNE- OG UNGDOMSKOMMUNESTYRET. - NY ORGANISERING H-2007**

#### **Framlegg til vedtak::**

BUK vert endra til Ungdomsråd (UR). UR vert oppretta frå 2007 og medlemmene vert valt for 2 år av gangen.. UR har seks representantar og vert valt av elevar i 8-10. kl på ungdomssteget i Samnanger. Ordførar og Barnas representant er medlemmer med møte og tale rett i UR. UR vel sjølv sin leiar og sekretær for valperioden.

UR bør ha minst 4 møte i året og medlemmene får ei møtegodtgjersle på kr. 100 pr. møte.

**Handsaming i møte:**

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

BUK vert endra til Ungdomsråd (UR). UR vert oppretta frå 2007 og medlemmene vert valt for 2 år av gangen.. UR har seks representantar og vert valt av elevar i 8-10. kl på ungdomssteget i Samnanger. Ordførar og Barnas representant er medlemmer med møte og tale rett i UR. UR vel sjølv sin leiar og sekretær for valperioden.

UR bør ha minst 4 møte i året og medlemmene får ei møtegodtgjersle på kr. 100 pr. møte.

0029/07

**SAMNANGER SOM RETTVIS KOMMUNE.****Handsaming i møte:**

**Marit A Aase** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sender søknad om å verta "Retttvis kommune" etter dei kriteria som Fairtrade Max Havelaar Noreg legg til grunn.

Arbeidsgruppa i lag med kommunestyret arbeider vidare med å forankra og utvikla dei gjeldande kriteria.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune sender søknad om å verta "Retttvis kommune" etter dei kriteria som Fairtrade Max Havelaar Noreg legg til grunn.

Arbeidsgruppa i lag med kommunestyret arbeider vidare med å forankra og utvikla dei gjeldande kriteria.

0030/07

**NY FINANSIERING AV BARNEHAGE PÅ GJERDE****Framlegg til vedtak::**

Ny barnehage på Gjerde vert finansiert som fylgjer:

Totalkostnad	18.075.000
Finansiert i 2005-2006 budsjettet med Næringsfond / driftsmidlar	411.117
Bruk av skjønsmidlar	1.163.883
Låneopptak i Husbanken	16.500.000

**Handsaming i møte:**

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Ny barnehage på Gjerde vert finansiert som følger:

Totalkostnad	18.075.000
Finansiert i 2005-2006 budsjettet med Næringsfond / driftsmidler	411.117
Bruk av skjønsmidler	1.163.883
Låneopptak i Husbanken	16.500.000